



ARBEIDSPLAN

HORDALAND NEI TIL EU

Mars 2019 – februar 2020

KORT INNLEIING

Nei til EU står ovanfor store utfordringar framover:

- EØS-avtala medfører stadig vekk unødige pålegg, direktiv, overkøying av nasjonal sjølvråderett, samt at konsekvensane av det avtala står for representerer ein reell fare for den norske modellen, velferdsstaten og for ein velfungerande arbeidslivspolitik.
- EU viser seg meir og meir som ein antidemokratisk og usolidarisk union.
- Opprettinga av over 40 byrå forsterkar det udemokratiske trekket ved EU.
- Mindre enn 2 månader til Storbritannia går ut av EU er ein avtale enno ikkje på plass. Det er knyta stor uvisse til korleis Storbritannia og EU, og dei landa som står utanfor EU, skal handtera dette.
- Det er framleis skepsis i folket, og blant dei folkevalde, til å seia opp EØS-avtala.
- Den nye regjeringa sikrar stortingsfleirtal og deira innstilling til EU og EØS vil gjera kampen vår meir vanskeleg. Slik situasjonen ser ut, vil det vera fleirtal for Jernbanepakke IV.
- Gjennomsnitts-alderen på medlemsmassen er aukande.
- Både lokalt og sentralt i organisasjonen er det ei utfordring å få yngre krefter med.

Gjennom 2018 hadde me ei mindretalsregjering, men etter at Krf kom med i januar 2019, har me ei regjerande fleirtalsregjering. Det lovar ikkje godt for kampen for å seia opp EØS. Det er likevel fleire i Frp som tar til orde mot avtalen.

Tariffnemnda si avgjerd i Reise, kost og losji-saka, viser at EU-rett står over nasjonal arbeidslivspolitik. Det at den største avdelinga i Fellesforbundet, avd 5 – Bergen, tok eit tydeleg standpunkt mot EØS-avtala i november 2018, er eit viktig signal frå fagrørsla.

Kampen mot Jernbanepakke IV må intensiverast i håp om at nokon i regjeringspartia stemmer mot partiet si linje i denne saka. Diverre er det lite som tilseier at dette skal skje.

Kva som vil skje etter 29. mars 2019 i Storbritannia, er eit ope spørsmål, og kan gje store utfordring både nasjonalt og internasjonalt.

Medlemstalet går for første gong på mange år oppover. Dette gjeld for Nei til EU totalt, og det gjeld særleg for Hordaland. Me har no 1788 betalande medlemmer, mot 1736 pr 31.12.18.

Med dette som bakgrunn, legg Hordaland Nei til EU fram arbeidsplan for det komande året. Arbeidsplanen vil vera gjeldande frå årsmøtet i mars 2019 og fram til årsmøtet i 2020, meir eller mindre eit år.

Først i planen vil hovudmåla verta presenterte. Deretter vil delmål, samt tiltak knyta til både hovudmåla og delmåla som følgjer av desse, verta presenterte.

HOVUDMÅL

- ***Samarbeid med andre engasjerte samfunnsaktørar***
- ***Studiearbeid, opne seminar og anna kunnskapsformidling om aktuelle tema i kampen vidare***
- ***Vera aktive og synlege i valkampen fram mot kommune- og fylkestings-valet i september.***
- ***Stands-aktivitet i Bergen og i distrikta***
- ***Verving av medlemmer***
- ***Delta i oppfyljing av NtEU sentralt sin arbeidsplan***
- ***Aktivt og målretta styrearbeid samt utvikling av organisasjonen***

DELMÅL OG TILTAK

Samarbeid med andre engasjerte samfunnsaktørar

DELMÅL:

- Halda fram med og vidareutvikla kontakten med fagrørsla som viktig alliansepart i kampen vår.
- Vidareutvikla kontakten med nei-partia, både lokalt og sentralt. Dette er særleg viktig i valkampen fram mot kommune- og fylkestings-valet.
- Delta i arrangement som 8. mars, 1. mai, andre aktuelle møte og demonstrasjonar / markeringar. som har relevans for NtEU- og EØS-saka.
- Prøva å etablere eit tettare forhold til ungdom, både i UmEU og Studentar mot EU.

TILTAK:

- Vidareutvikla samarbeidet med fagrørsla gjennom felles arrangement om sentrale tema. Ta initiativ til to felles seminar i arbeidsplan-perioden.
- Invitera politikarar på arrangement og utfordra dei til å ta opp aktuelle tema i valkampen mot påverknad frå EU og via EØS-avtala.

- Delta i 1. mai arrangement i samarbeid med Bergen NtEU og spesielt støtta opp om Bergen NtEU sitt solidaritetsarrangement.
- Støtta opp om kvinnerørsla i arrangement som 8. mars, samt å delta i konferansen Kvinner på tvers i Oslo.

Studiearbeid, opne seminar og anna kunnskapsformidling om aktuelle tema i kampen vidare

DELMÅL:

- Det skal arrangerast studieringar / opne møteseriar to gonger – vår og haust - i arbeidsplanperioden.
- Spreia informasjon om EØS-avtala sin innverknad på politikk, forvaltning, demokrati, folkestyre og maktfordelingsprinsippet.
- Sørgja for informasjon om Hjelmengutvalet sin rapport ettersom den stiller nye krav til offentleg verksemd der denne verksemda, etter deira meining, konkurrerer med privat verksemd. (Utvalet vart sett ned med utgangspunkt i EØS-avtala sine lover for fri konkurranse og etableringsretten).
- Informasjon om EU-politikk og konsekvensar av EØS-avtalen skal intensiverast.
- Alternativ til EØS-avtalen skal konkretiserast, klargjerast og formidlast.
- Vera aktive i å innhenta og vidareformidla informasjon om kva som skjer i Storbritannia, og andre internasjonale politiske tema.
- Alt informasjonsarbeid skal vera retta mot både medlemmer og folk generelt.

TILTAK:

- Tilretteleggja og gjennomføra studiering /open møteserie.
- Ta initiativet til at lokallag og lokallagskontaktar arrangerer kunnskapsformidlings-møter, og støtte opp om slike initiativ.
- Læra opp medlemmer i Nei til EU lokalt til å kunna ta på seg oppdrag som innleiarar mm.
- Reiserunde til eit utval lokallag i fylket i samarbeid med lokallagkontakt og / eller der det finnes, leiaren av lokallaget.
- Gjennomføra seminar med aktuelle tema i samband med årsmøtet.
- Forfatta ein uttale eller eit lesarbrev frå minst 4 styremøte perioden.
- Informasjonsarbeid i samband med standsaktivitet. Aktuelle tema er EU-politikk, EØS, handels- og investeringsavtalar, innføring av direktiv frå EU.
- Delta på aktuelle bygdedagar/marknader der kunnskapsformidling om saka er naturleg.
- Skriva medlemsblad og nytta desse som i-stikk i Standpunkt, på nettsidene og på facebook.
- Delta på møte i andre aktuelle organisasjonar, lag og politiske parti for å halda appellar, dela ut materiell etc.

Vera aktive og synlege i valkampen fram mot kommune- og fylkestings-valet i september.

Aktivitetar knyta til dette hovudmålet er tatt inn under andre relevante punkt.

Stands-aktivitet i Bergen og i distrikta

DELMÅL

- Auka innsatsen på stands-aktivitet i heile fylket
- Arrangera stand som ein jamn aktivitet i arbeidsplanåret
- Ha relevant og aktuelt materiale for utdeling under stand
- Vera synlege på stand i valkampen, særleg i sluttspurten i august / september.

TILTAK

- Laga konkret handlingsplan for stands-aktivitetar i fylket i samarbeid med lokallaga og/eller lokallagskontaktar.
- Retta merksemd mot konkrete tema i tillegg til generell kunnskapsformidling
- Organisera stands for verving av nye medlemmer minimum 2 gonger i arbeidsplanåret
- Synleggjera dei ulike partia sitt syn på både EU og EØS-avtala.

Verving av medlemmer

DELMÅL

- Vervearbeidet skal omfatta både gjenverving og verving av nye medlemmer
- Talet på medlemmer skal aukast til minst 1900 betalande medlemmer ved utgangen av 2019.
- Få ikkje-betalande medlemmer til å verta betalande, det gjeld i underkant av 200 medlemmer.
- Arbeidet med å verva medlemmer frå politiske parti og organisasjonar som sympatiserer med oss skal halda fram.
- Delta i aktivitetar knyta til verving som Nei til EU sentralt vedtar.

TILTAK

- Det skal gjennomførast minst tre ringjerundar for gjenverving av medlemmer som er i utakt med kontingentinnbetaling.
- Det skal arrangerast standsaktivitet for nyverving, minst to gonger i arbeidsplanåret.
- Det skal gjerast ein ekstra innsats for å henta inn igjen medlemmer som ikkje betalte i 2018.

Delta i oppfylging av NtEU sentralt sin arbeidsplan.

DELMÅL:

- Arbeida aktivt for å spreia informasjon om ulempene med EØS-avtala.
- Deltaking på sentralt arrangerte møte og seminar.

- Kunnskapsformidling i eige fylke for synleggjering av EU sin politikk og konsekvensar av EØS-avtalen.

TILTAK:

- Styret skal generelt sett halda seg oppdatert om føringar frå NtEU sentralt, og følgja opp der dette er naturleg på fylkes- og lokallags-nivå.
- I samband med standsaktivitet skal oppropet om UT AV EØS formidlast for innhenting av fleire underskrifter.
- Styret skal ha to styremedlemmer representert på fylkesleiarsamlingar når det er plass til det

Aktivt og målretta styrearbeid samt utvikling av organisasjonen

DELMÅL:

- Det skal avviklast minimum 8 styremøte pr kalenderår
- Det skal arbeidast aktivt for å få til eit meir aktivitets-orientert styre med bidrag frå alle, og for å gjera styreverv i Hordland Nei til EU attraktivt for yngre folk.
- Styret skal styrkja samarbeidet med lokallaga og lokallagskontaktane ved å oppsøkje dei der dei er.
- Styret skal arbeida for å auka aktiviteten også utanfor Bergen ved å til dømes å oppmuntra til etablering av fleire aktive lokallag.
- Styret har ansvaret for å handtera og eventuelt vidareformidla pålegg og føringar frå NtEU sentralt, og å halda seg oppdatert på det arbeidet som sentralt styre, AU og råd har på dagsorden.

TILTAK

- Styret skal skaffa driftsmidlar ved å søkja om UD-midlar, søkja om studiestøtte der det er aktuelt samt be om støtte frå allierte lag og organisasjonar.
- Styret skal leggja til rette for at fylkesårsmøta kan finna stad ulike stader i fylket. Det skal likevel takast omsyn til det praktiske og kvar me kan samla mest folk.
- Styret har det overordna ansvaret for å følgja opp arbeidsplanen og å utarbeida rapport, m.a. årsmelding, som synleggjer resultatet av dette arbeidet.
- Styret skal arbeida for å betra kontakten med lokallaga ved å vitja ulike lokallag i årsplanperioden.
- Styret skal arrangera minst eit årleg styreseminar for oppfølging av arbeidsplan mm.
- Styret skal halda fram med å ha møtefora med sosialt innhald for å styrka samarbeidet og samhaldet i styret.